



BARONIET ROSENDAL

Kvinnherad Kommune
Att Sigbjørn Øye

Sikring av gåande

Etablering av parkeringsplassen til Baroniet Rosendal på Sekjo har bidratt til ei mykje betre sikring av dei gåande i alleen opp mot slottet og hagen. Over 10.000 bilar nytta seg av plassen i perioden juli/august 2015. Automaten var ute av drift i store deler av mai og juni så her manglar vi data.

Det vi ser meir og meir er at mange nyttar denne plassen til å vitja Skålagata kor det på hektiske dagar kan vere vanskelig å finne parkeringsplass. Dette fører til at det er mange gåande som også går nedover over brua til sentrum og tilbake.

Dei mange båtturistane med Hardangerfjordexpressen har og ført til at straumen av turistar på denne strekkja er aukande. Det same har etablering av bubilparkering og båthavn i Skålafjæra ført til. Den auka interessa for Steinparken og Vangssaga det same.

Baroniet Rosendal ser med bekymring på denne utviklinga då sikring av dei gåande er liten på strekkja frå det gamle helsesenteret/ungdomsklubben til parkeringsplassen på Sekjo. Her kan lett skje ei ulykke med tragisk utgang.

Vi vil derfor på det sterkaste anmode om at det i samband med nedleggjing av ny vassleidning i dette området blir klargjort for etablering av eit fortau for gåande ved at vegskuldra blir utvida klargjort for asfalttering.

Den veggrunn som måtte takast av stiftelsen sin eigedom vil vi sjølvstilt stille gratis til rådveide.

Vi vil stille krav til vassverket om at der leidninga går over stiftelsen sin grunn blir etablert tilstrekkelig «skulder» til framtidig etablering av fortau.

Venleg helsing

sign
Anne Grete Honerød
Direktør

Reidar Nedrebø
Leiar økonomi -og utvikling

Kopi : Rosendal og Omland Vassverk, Rosendal Utvikling

Baroniet Rosendal /Den Weis Rosenkroneske Stiftelse
Pb 235 , 5486 Rosendal
53482999 / 90873857
info@baroniet.no / www.baroniet.no
MVA 977122775 NO